

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/423	16/2506

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Kontrollrapport 2015 – skattekrevar-funksjonen for Radøy kommune
- Nordhordland kemnarkontor – årsrapport 2015
- Nordhordland kemnarkontor – årsrekneskap 2015
- Kontrollutvalet 22.februar 2016 - møteutskrift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Kommunestyret i Radøy - 007/2016

KS - handsaming:

Orientering om mobbing:

Med utgangspunkt i mediaoppslag om mobbing ved Sæbø skule, gav rådmann og oppvekstsjef ei orientering om situasjonen i Radøy-skulane og tiltak som er og blir sett inn på Sæbø skule. Han understreka at kommunen tar mobbing på alvor, og at administrasjonen prøver å jobba systematisk og målretta både med førebygging og tiltak. Rådmannen viste til at det har vore jobba lenge med konkrete tilfelle det blir vist til i media.

Kommunalsjef Jo Tømmerbakke orienterte om korleis det blir jobba både generelt og spesifikk med mobbeutfordring. Mellom anna blir det i tillegg til den nasjonale elevundersøkinga årleg følgd opp med to elevundersøkingar 5.-10.klasse for å få eit ferskast og best mogleg bilete av situasjonen, og kunne følgja opp med tiltak. Den nasjonale elevundersøkinga, som er obligatorisk for 7. og 10. klasse er også utvida til å omfatta alle årstega 7.-10.klassen.

Kommunalsjefen viste også kva tiltak som er sette inn i dei konkrete forholda ved Sæbø skule. Kommunestyret fekk også delt ut ei skriftleg orientering om korleis administrasjonen jobbar med skulemiljø og mobbing. Kommunalsjefen svarar også på spørsmål.

Det vert lagt opp til eit temamøte i kommunestyret knytt til framlegging av sak om tilstandsrapporten for Radøy-skulane.

Utsending av sakspapir:

På vegne av Radøy Høgre og Radøy FRP kom Normann Sæbø med eit forslag om tidlegare frist for utsending av saksdokument til kommunestyret:

"Me foreslår frist for utsending av sakspapir sett til fjorten dagar før møtedato. Me ser at både tal saker og mengda dokument pr sak har vorte veldig omfattande. Dei fleste kommunestyrerepresentantane i Radøy er i vanleg arbeid og må dermed bruka kveldar og helger på

sakspapira. Dersom sakspapir vert ettersendt seinare enn 1 veke før møtet, vert saka føreslått utsett i KS."

Ordførar Jon Askeland spurde om framlegget frå Høgre/Frp kunne trekkjast i denne omgang, for i neste omgang å koma tilbake til innspelet i samband med ei sak om politisk reglement. Det vart godteke av forslagstillar.

NIS og MAKS: Morgan Taule, styreleiar i Nordhordland Industriservice (NIS), informerte om fusjonen mellom NIS og Meland Arbeidssenter (MAKS). Han understreka at dei to verksemdene saman vil stå langt sterkare i kampen om anbod, noko det alt er tydelege signal om.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

Vedlegg:

Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjon for Radøy kommune (L)(74800)

Nordhordland kemnerkontor - årsrapport 2015

Nordhordland kemnarkontor - årsrekneskap 2015

Kontrollutvalet_2016 02 22_møteutskrift